

Eg syndar dagleg og fortener straff

AV JOHN NESSA

Lat meg starte med ei anekdote frå bygda her eg bur. Distriktslegen var kjent for å ha eit uvanleg godt grep på folk. Alle elska han, venterommet var aldri tomt. Han blei spurt av sine kollegar om koss det kunne ha seg at alle ville til han. Han svara med å fortelje ei historie.

Det var fredag kveld, og han hadde vakt i distriktet. Kona ringte på vegne av mannen. Han var så ille plaga av si leddgikt. Distriktslegen kjende både kona og mannen, og forsikra om at det var lite han kunne gjere med plagene til mannen. «Ja, vi veit det», sa kona. «Kan du ikkje likevel komme på sjukebesøk?» Han lova det. Han kom, og prata med paret. Forsikra igjen om at det var lite han kunne gjere. «Ja, vi veit det» sa kona. «Kan du ikkje likevel undesøkje han?» Han gjorde det, og forsikra igjen om at det var lite han kunne gjere med tilstanden. «Ja, vi veit det», sa kona. «Kan du ikkje likevel be saman med oss?». Og så gjorde han det.

Denne legen var ikkje såkalla personleg kristen. Men han var presteson. Det er interessant å reflektere over kor grensa går for vår rolle som legar når vi blir stilt overfor ei utfordring som dette. Er det akseptabelt, eventuelt uakseptabelt å be saman med pasienten? Er det i tråd med evidensbaserte retningslinjer å falde hendene under konsultasjonen? Eller er det det motsette, å undergrave fagets seriøsitet som vitenskapleg basert medisin? Kva demonar er det ein prøver å utdrive ved å falde hendene? Er det å score billige poeng på popularitetsbørsen hos pasienten, eller er det å avsløre at ein er usjølvtendig og hjelpelaus utan evne til å setje grenser? Blir det nokon skilnad om legen sjølv er kristen eller ikkje? I kor stor grad er det å be eit allmennkulturelt uttrykk, og i kor stor grad er det noko djupt privat, som å ha sex eller pille seg i nasen?

Kva er eit livssyn?

Problemstillinga eg har fått oppgitt er korleis tru og livssyn pregar arbeidet som allmennlege. Eg vil svare på det indirekte, ved å gå to skritt tilbake og reflektere over kva vi meiner med tru og livssyn. Utgangspunktet er problematisk. Livssyn i tradisjonell forstand, alt som smaker religion har hatt trange kår i vårt fagfelt det siste hundreåret. Det vart så å seie oppheva ved kongeleg resolusjon av Helsedirektora-

tets yppersteprest Karl Evang. Det å ha eit livssyn var ein legning som rett nok ikkje var heilt forbode. Men ein skulle ikkje praktisere det. Som å vere pedofil i ein barnehage. Ingen heldig kombinasjon. Ein av Evangs våpendragarar, psykiataren Jon Leikvam skreiv i 1933 ein artikkel om skuldkjensle og moral at han ville «til beroligelse allerede her fremheve at det naturvitenskapelige synet på det religiøse så langt fra er spottende, det er tvert imot preget av forståelse og overbærenhet» (1).

Ikkje spottande. Men overbærande. Er det plass til livssyn i ei eindimensjonal medisinsk verd prega av empirisk snusfornuft og sakleg overbærenhet?

Temaet er også vanskeleg fordi det er så personleg. Skal eg reflektere over dette må eg ta utgangspunkt i meg sjølv. Er eg kristen? I så fall, kva meiner eg med det? I følge konfirmantpresten forrige helg er eg kristen fordi eg er døpt. Min muslimske ven seier eg er kristen fordi eg er frå Noreg. Ungane mine seier eg er ikkje kristen fordi eg har ein annan livsstil enn dei kristne. Ei gamal kone som var min pasient sa etter ho hadde fått med seg at eg hadde tala under ei gudsteneste at «det var godt du gjorde det. For då har me fått plassert deg.»

Er eg kristen? Nei. Er eg ikkje kristen? Nei. Kva er eg då? Eg rett og slett er. Det å vere til, det å eksistere er noko meir dynamisk enn å klistre på seg merkelappar. Høyr ikkje på meg. For eg er grunnleggjande upåliteleg. Spesielt i åndelege spørsmål. Det eg meinte i går, meiner eg ikkje i dag. Det eg meiner i dag, vonar eg vil endre seg til i morgon. Skal eg forbli og vere meg sjølv, må eg endre meg, ta inn nye impulsar, opne meg for livet, justere kursen, leve og vere til. Men eg er altså døpt. Og kan ikkje la det vere ugjort.

I vår kultur handlar det gjerne om ein er kristen eller ei. Og kristen betyr gjerne «personleg kristen». I seg sjølv ei problematisk formulering som ein må forstå på bakgrunn av historiske og kulturelle forhold. Eg trur ikkje det betyr noko særleg for vår praksis som legar om ein har den eine eller den andre merkjelappen. For vi er meir like i vår legerolle enn det som skiljer oss når det gjeld gudstru. I ei viss forstand er vi modernisert og avkristna uavhengig av truvedkjenning. Det er makt i de foldede hender. Likevel trur



ILLUSTRASJONS FOTO

vi ikkje på ein slags overjordisk magi ved å be. Vi trur ikkje Vårherre opphever naturlovene. Vi prøver ikkje å fordrive demonar. Vi har eit anna språk for psykens irrgangar enn dei hadde i middelalderen. Vårherre er omorganisert og plassert på museum, meir synleg på søndagane enn i kvar-dagen. Vårherre er førtidspensjonert. Det medisinske hus er møblert med modernitetens tru på vitskapleg fornuft, teknologisk framskritt og individuell fridom.

Ho bad om time hos sin faste lege. Men han var bortreist. Derfor måtte ho finne seg i å gå til turnuslegen. Turnuslegen var eit profilert medlem i den lokale frikyrkja. Han ville ikkje at ho skulle søkje abort i første omgang. Ho hadde tid til å tenkje seg om. Og ho gjorde det. Då ho kom til kontroll ei veke seinare, ville ho ikkje søkje abort. Den faste legen, som eg kjenner svært godt, ville nok ha formidla ein abortsøknad ved første konsultasjon. Og fått «problemet» ut av verda.

Det er nærliggjande å tenkje at her har tru og livssyn overstyrt legen. Eg tvilar på det. Eg trur berre rett og slett at han har gjort ein betre jobb enn den faste legen ville ha gjort. Ikkje fordi han fekk henne til å endre standpunkt. Men fordi han fekk henne til å tenkje seg om. Han har brukt god tid, tatt pasienten på alvor og samstundes gjort seg sjølv synleg som fagperson. Han har ikkje moralisert. Ikkje presentert private meiningar om abortlov og abortpraksis. Han har ikkje sabotert pasientens ønske. Han har fulgt alle dei gode medisinske etiske prinsippa. Som så ofte er tilfelle med turnuslegane har han gjort ein grundigare jobb enn det den meir erfarne fastlegen ville ha gjort. Og den abortsøkjande kvinna er no ei lukkeleg mor. Hadde ho komme til meg, hadde ho no kanskje vore ei like lukkeleg kvinne utan barn. Kva veit eg?

Tru og livssyn er noko vi alle har, sjølv om vi ikkje alle er medvitne om at vi har det. På eit overflatisk plan trur eg ikkje tru og livssyn pregar vår praksis i særleg grad. Men på eit djupare plan er tru og livssyn ei betydeleg ressurs i vårt daglege slit. Eit livssyn bidrar med eit språk for noko det er vanskeleg å ha eit språk om. Livssyn gir eit språk til eksistensen, livssyn tematiserer dei grunnleggjande spørsmål, dei spørsmåla som er majestetiske og store og små og banale på same tid. Kva er eit menneske? Kva med døden? Kva med kjærleiken? Kven er min neste? Ikkje minst tematiserer tru og livssyn spørsmål om liding, sjukdom og død. Ved læger hvad sygdom er? er titelen på ei lita dansk bok (2). Kollega Haakon Lærum svarer nei. Danske legar veit ikkje kva sjukdom som eksistensiell erfaring er. Og då får dei gjerne problem dei ikkje så lett kjem ut av.

Aslak Bråtveit og Jean Paul Sartre (i prioritert rekkefølge)

Eg var på Nidaroskongressen i Trondheim. Asbjørn Aarnes hadde nettopp førelese om Emanuel Levinas, denne merkverdige litauisk-franske filosofien som insisterer på Den Annens ansikt som utgangspunkt for vårt ansvar for kvarandre. Eg veit ikkje heilt om eg har forstått kva Levinas vil fortelle oss, og heller ikkje heilt kva som er relevansen for medisinsk praksis. Aarnes drog fram fortellinga om den miskunnsame samaritanen for å illustrere Levinas. Den forlatte i veigrøfta er Den Andre. Det er vi som går forbi. Vår plikt er å sjå, vår plikt er å hjelpe.

Så er det kommentarar frå salen. Kollega Aslak Bråtveit reiser seg og presenterer ei ny fortelling om samaritanen. Den forslåtte i grøfta, det er meg og deg. Det er eg som er

forlatt, det er eg som har hamna blant røvarar. Dei som går forbi, det er dei andre. Den miskunnsame samaritanen, det er Kristus.

Fortellinga får eit eksistensielt innhald. Eg er dømt og fortapt, har hamna blant røvarar, kan ikkje frelse meg sjølv, kan ikkje unnsleppe situasjonen. Dette er ein kristen tanke. Men det er også ein eksistensiell filosofiske tanke, formulert av Jean Paul Sartre. Han var ateist og kommunist. Han hevda at mennesket er dømt til å vere fritt. Dømt fordi ein ikkje sjølv har valgt å bli fødd, og fri fordi ein når ein er i verda, er ansvarleg for det ein gjer. Ein er ansvarleg overfor andre. Og ein er ansvarleg for ting ein ikkje nødvendigvis har oversikt over. Dette er ikkje eit etisk/moralsk standpunkt. Dette er eit eksistensielt faktum. Å vere menneske er å bli overlatt til andre, å ex-istere er å bli kasta ut i det, det er å bli tvinga til å vere med-menneske, så å seie å bli kasta for ulvane, å falle blant røvarar. Og andre som går forbi.

Sartre sa meir. Han sa at helvete er dei andre. Det var kanskje difor han valde å bu heime hos mora si heilt til ho vart 80 år, og ikkje eingong flytta saman med kjærasten sin, Simone de Beauvoir. Det var nok best slik. Minst helvete heime hos mor.

Helvete er dei andre. Den store risikoen i livet er ikkje å hoppe basehopp frå Kjerag, men å gi seg over til andre. Kjærleik, intimitet, dei andre er verkeleg risiko (3). I Sartres univers er eg fri. Men eg er også dømt til å eksistere i eit slags helvete.

Aslak si fortelling traff min barnelærdom. Det som er blitt hamra inn i mitt sinn, er at eg er eit syndig og hjelpelaust fortapt menneske. Det er ingen dårleg ballast å ha med seg i livet. For det er sant. Det er sant at eg er syndig i den forstand at eg kjem til kort. Det er sant at eg går forbi - og må gå forbi. For middagen og pliktene ventar heime. Det er og sant at eg har falle blant røvarar. Og det er sant at eg syndar dagleg. For eg kan ikkje flytte to steinar utan at eg øver vald på noko, kan ikkje gjere noko som helst utan at eg risikerer at andre blir såra. Synd er ikkje noko eg gjer. Det er noko eg er. Det er min skjebne, min eksistens. Eg er fortapt fordi eg er utlevert til sårbarheten og døden. Melankoliens svarte sol lyser i horisonten. Eg syndar dagleg og fortener straff.

Identitetsoppløysning og religiøs oppblomstring

Enkelte utviklingstrekk i samtida tyder både på ei allmenn religiøs oppblomstring og at kyrkja igjen får større betydning for folk flest. Samstundes kjem medisin og religion nærare kvarandre. Ein får ein slags terapi- og psykoreligiøsitet der medisinen utfordres til å dra omsorg for heile mennesket, og der det kyrkjelege språket blir meir og meir lik terapeutens. Det handlar om kompenserande identitetssik-

ring som reaksjon på den allmenne identitetsoppløysningen. Moderniseringa og sekulariseringa har belasta identiteten vår så sterkt at religiøsiteten revitaliseres som kompensasjon og reparerende krisebehandling (4)

Mellom logos og kaos

Psykiatren Irvin D Yalom hevdar at det er fire dimensjonar som har relevans for psykoterapi: Dødens realitet som trussel og tema gjennom heile livet, fridommen til å leve slik ein ønsker, det faktum at vi på grunnleggjande vis er heilt åleine her i livet, og mangelen på nokon openberr meining i tilveret. Som studiekamerat og kollega Øyvind Bruland uttrykkjer det, i ein artikkel i ei bok der denne artikkelen er grunn god nok til å skaffe seg heile boka: Fra et stort ingenting blir vi født inn i en kaotisk verden. Helt fra starten av strever vi etter logos - orden, harmoni og likevekt. Men -ustanselig innhentes vi av kaos - sult, frost, ensomhet, sykdom, angst og usikkerhet. Angsten for det store intet (3).

*Om du tror på gud
Och någon gud inte finns
Så är din tro
et enda större under
Då er den verkligen
någon ting ofattbart stort
Hvarför ligger det en varelse nere i mörkret
och ropar på något som inte finns?
Hvarför förhåller det seg så?
Det finns ingen som hör
att någon ropar i mörkret
Men hvarför finns ropet?*

(Fra «Aftonland» av Pär Lagerkvist)

Øyvind Bruland skriv også at som lege får ein sterke korrektiv på eigne plager, irrgangar, svartsinn: «I hver 16-åring med benkreft ser jeg mitt eget barn, i hver 40-åring med brystkreft ser jeg min ektefelle, i hver 70-åring med prostatakreft min far, og i hver og en av dem - meg selv»

Ei grunnhaldning i livet, kall det gjerne tru, kall det gjerne livssyn, som tar dette inn over seg vil oppdra til sjølvmedvit om kor sårbar ein er, den vil føre til ei open interesse for andre menneske, og ei generell audmjuk grunninnstilling til det vi driv på med. Slik sett vil den prege vårt virke som allmennlege. Og er ein blind og døv for desse perspektiva er det kanskje betre om ein slepp å arbeide med menneske.

Litteratur

1. Leikvam J. Skyldfølelse og moral. Populært Tidsskrift for Seksuell Opplysning 1933;2:212-28.
2. Lærum H. Ved læger hvad sygdom er? København: Foreningen af danske lægestuderendes forlag, 1994.
3. Skårderud F. Uro. En reise i det moderne selvet. Oslo: Aschehoug, 1999.
4. Krogseth O. Identitet og kultur. Inter Medicos, nr 1, 2000:4-9.
5. Bruland ØS. «Tanker i tresko». En kreftleges refleksjoner mellom logos og kaos. I: Kaos, logos og kjærlighet. Festskrift i anledning Kreftregisterets jubileum og Frøydis Langmarks 60-års dag. Oslo, 2001:40-51.